



Volda Kommune

Prisar på kommunale tenester for 2018

GEBYRREGULATIV

PRIVATE REGULERINGSPLANAR OG DISPENSsjONAR

Gebyrordning og satsar vedteke av Volda kommunestyre den 14.12.2017, PS 137/17

Med heimel i : Plan- og bygningslova (pb 2008) §33-1

Gjeldande frå 01.01.2017

REGULATIV GEBYR FOR PRIVATE REGULERINGSPLANAR OG DISPENSsjONAR

Betalingsplikt

Den som får utført offentlege tenester etter plan- og bygningslova (Pbl), knytt til utarbeiding av private reguleringsplanar skal betale gebyr til kommunen i samsvar med reglane i dette regulativet. Kommunen skal nytte det regulativet som gjeld den dato kommunen mottok dokumenta som stettar minstekrava for at kommunen skal kunne utføre si handsaming. Faktura for gebyr vert sendt ut før utlegging av plan til offentlig ettersyn.

Gebyr skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato. Ved for sein betaling kan kommunen krevje purregebyr tilsvarande 10 % av rettsgebyr og morarente.

Kva gebyret omfattar:

For dekking av kommunen sine kostnader knytt til handsaming av privat planframlegg skal det betalast gebyr.

Betaling av gebyr påverkar ikkje utfallet av saka, og kan ikkje krevjast tilbake om det vert gjeve avslag på søknaden.

Regulativet omfattar slike saker:

- a. Private framlegg til reguleringsplanar etter pbl § 12-11, (jf detaljreguleringsplan- pbl § 12-3)
- b. Søknad om endring av gjeldande reguleringsplan jf. pbl. § 12-14
- c. Søknad om dispensasjonar frå arealplanar og/eller føresegner jf. pbl. § 12-19

1. Gebyrsatsar:

Gebyr for plansaker er samansett av eit sakshandsamingsgebyr og eit arealgebyr.

1.1 Handsamingsgebyr:

a. Før saka vert teken opp til administrativ handsaming skal det betalast eit handsamingsgebyr.

b. Handsamingsgebyret for dispensasjon som ikkje verkar inn på andre fagmynde sine interesser og som ikkje treng sendast på ekstern høyringsrunde, herunder mindre tillegg og frådelling av areal rundt eksisterande bygning som ikkje medfører endra arealbruk. (Frådelling til uendra bruk, dispensasjon frå byggegrenser/reguleringsføresegner).

2.1 Arealgebyr for reguleringsplanar:

I tillegg til handsamingsgebyr skal det betalast eit arealgebyr for handsaming av framlegg til reguleringsplan (detaljplan) etter det samla arealet planen omfattar. Dette gjeld byggjeområde og fellesområde og annan privat arealbruk, åleine eller i kombinasjon med andre føremål.

Arealbruksføremål knytt til allmenne interesser som offentlege byggjeområde, landbruksområde, spesialområde bevaring/vern og andre føremål som ikkje vert rekna som privat arealbruk er unntatt frå arealgebyr.

Der kommunen gjev pålegg om utviding av planområdet for areal som alt er utbygd i samsvar med aktuelt reguleringsføremål, skal dette ikkje inngå i grunnlaget for arealgebyret.

Dersom kommunen avviser planen, skal det betalast 50 % av arealgebyret.

Dersom forslagstillar krev planen lagt fram for kommunestyret, skal det betalast fullt gebyr uavhengig av utfallet av saka.

2.2 Konsekvensutgreiing

I dei tilfeller kommunen er ansvarleg godkjenningmynde for søkjar sine konsekvensutgreiingar skal det for kommunen sitt arbeid betalast eit gebyr i samsvar med satsane i pkt 2.2

Utgifter som kommunen måtte ha til ekstern fagleg bistand kjem i tillegg.

2.2.b Kulturminne:

Tiltakshavar må koste granskingar som følgje av Kulturminne lova (t.d. arkeologiske undersøkingar) ,plan og bygningslova (t.d. flaum og skredfarevurderingar) og ev.andre særskilde utgreiingar som måtte bli pålagt som følgje av tiltaket sitt omfang eller lokalisering.

2.3 Dispensasjonar:

For dispensasjonssaker med full høyring - handsamingsgebyr i samsvar med pkt. 1.1 a.

For dispensasjonssaker med berre intern høyring- handsamingsgebyr i samsvar med pkt. 1.1 b.

3.0 Justering av gebyrsatsane

Kommunestyret vedtek regulativet og endringar i dette. Gebyrsatsane skal justerast årleg med verknad frå 1. januar kvart år.

Private reguleringsplanar og dispensasjonar

Pris 2018

1.1 Handsamingsgebyr:

a)	Handsamingsgebyr	Kr 17 000
	Før saka vert teken opp til adm handsaming	

1.2 Arealgebyr for reguleringsplanar:

Viss planutvalget avviser planen, skal det betalast 50% av arealgebyret. Sjå under.

Viss saka vert krevd lagt fram for kommunestyre, skal det betalast fullt gebyr uavhengig av utfallet av saka.

2.1 Arealgebyr:

a)	Fast gebyr inntil 5000m ²	Kr 25 600
b)	For kvar påbyrja 1000m ² for areal mlm 5001-30000m ²	Kr 1 650
c)	For kvar påbyrja 10 000m ² ut over 30 000m ²	Kr 3 300

2.2 Konsekvensutgreiing:

	Der kommuna er ansvarleg godkjenningssmynde	Kr 25 600
	evt utgifter til eksterne fagleg bistand kjem i tillegg	

2.3 Dispensasjonar:

Dispensasjonssaker med full høyring	Kr 17 000
Dispensasjonssaker med berre intern høyring	Kr 13 800
Dispensasjonsaker som kan takast administrativt	kr5 400

I tillegg må tiltakshavar koste granskingar som følgje av Kultuminnelova, plan- og bygningslova, og evt andre særskilde utgreiingar som måtte bli pålagt som følgje av tiltaket sitt omfang eller lokalisering